



Arbeidsdepartementet
postboks 8019 Dep

0030 OSLO

Vår ref.
12/180-36/N-000/KAWV

Dykkar ref.

Dato:
21.06.2012

Melding om vedtak sak 083/12 HST- Høyring NOU 2012:6 Arbeidsretta tiltak - Høyringsuttale frå Kvam herad

Kvam heradsstyre har i sitt møte 19.06.2012 kome fram til følgjande høyringsuttale:

Kvam herad ser positivt på at Brofoss-utvalet ynskjer å styrke arbeidstilbodet for personar med redusert arbeidsevne. Vi støttar utvalet i deira vurdering av at det er trong for å auke innsatsen for desse målgruppene. Dette er, etter vårt syn, heilt nødvendig dersom vi skal lukkast med å få fleire ut i arbeidslivet.

Kvam herad støttar modellen som har størst tilslutning i utvalet, heretter kalla modell 1.

Som eigar av Storholmen ASVO har Kvam herad teke del i etablering og utvikling av gode arbeidstilbod for ulike målgrupper. Tiltaksbedrifta har gjennom åra arbeidd målretta og vidareutvikla tenestetilbodet i tråd med brukarbehov og marknad.

Det kommunale eigarskapet har vore ein styrke for attføringsarbeidet og har mellom anna sikra langsiktig tenking, stabilitet og ansvarlegheit. Eigarrepresentantane i styre bidreg med viktig lokalkunnskap, helsefagleg kompetanse og tverrfagleg tenking. Dette er avgjerande for å kunne skape gode løysingar for dei av våre innbyggjarar som har redusert arbeidsevne.

Slik vi ser det vert denne kunnskapen best ivareteken i modell 1, gjennom ei vidareutvikling av dagens system, basert på tett samarbeid mellom kommunen, NAV (som bestillar) og tiltaksbedrifta (som leverandør).

Modell 1 beskriv ei dreining frå aktivitetsretta tiltak til individretta tiltak. Dette vi gje meir fleksible løysingar tilpassa den enkelte.

Grunna avgrensa tal plasser og liten sirkulasjon i plassane er det større etterspørsel etter plass enn tilbod. Det er ynskje om fleire plasser til denne målgruppa. Det er viktig å sikre kontinuitet i dei ulike forløpa mellom anna gjennom trening/ praksis i bedrift i løpet av vidaregåande skule for deretter å gå direkte i tilrettelagt arbeid, utan tidsavbrot.

Tidsavbrot er uheldig for den det gjeld og kan føre til tap av motivasjon og såleis ei negativ utvikling for den det gjeld. Ved mangel på plass i tilrettelagt verksemd har kommunen og Nav i fellesskap store utfordringar i å finna alternative tilbod når behovet er definert som tilbod i tilrettelagt verksemd, spesielt gjeld dette for ungdomsgruppa.

Kvam herad støttar kravet i modell 1 om oppdatert metodikk og kompetanse hos tiltaksbedriftene og kravet til endringsprosessar hos brukar. I modellen vert det også peika på krav til ordinært arbeidsliv om å styrke inkluderingskompetansen. Slik vi ser det vil dette styrke tilbodet til målgruppene.

Kvam herad støttar eit samla utval i at meir av attføringa skal gjennomførast i ordinært arbeidsliv. Vi vil likevel påpeike at attføringsarbeidet framleis må utførast av personar med

nødvendig attførings- og inkluderingskompetanse. Vi er usikre på om næringslivet er klare til å ta over det arbeidet slik det er forslag om i modell 2.
NAV bør framleis ha rolla som avklarande, kontrollerande og oppfølgjande instans.

Dagens eigarskapsmodell legg til grunn at eit eventuelt overskot skal kome tiltaksdeltakarane og verksemda til gode. Dette prinsippet bør vidareførast. Slik vi ser det er attføringsarbeid lite egna for anbudsprosessar. Vår bekymring er knytt til om kvaliteten i arbeidet vert redusert dersom dette arbeidet vert teke over av verksemdar som har økonomisk overskot for hovudmålsetjing. Vi fryktar at eit anbodssystem vil redusere tilbodet til brukarane og då spesielt til dei brukarane som har størst bistands- og tilretteleggingsbehov. Den kommunale eigarstrukturen vil sikre eit geografisk likeverdig tilbod til brukarane i distrikta.

Med helsing



Kari Weltzien Vik

Politisk sekretær

Kvam herad